


# VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 2

september

2023

## PERSONALNYTT

**Morten Rørheim** er tilsett som landbruksrådgjevar hjå oss, og han startar 2. oktober. Signe T. Jensen har slutta, og det er denne stillinga han overtek. Han skal blant anna jobbe med Innovasjon-saker. Morten driv gard i Sandeid og har gjort det sidan 2018. Han har i tillegg jobba som maskinsjef i Norled dei ni siste åra. Morten har teknisk fagskule og agronom utdanning frå Vinterlandbrukskulen.

**Gaute Widerøe Hennig** blir ny rådgjevar klima/miljø/landbruk frå 2. oktober. Han overtek stillinga til Harald Olav Stuhaug, og skal i tillegg jobbe med klima- og miljøsaker. Gaute er 26 år og kjem opphavelig frå Hjelmeland, men har dei siste åra budd i Tromsø. Han har ein mastergrad i biologi frå Universitet i Tromsø, og ein bachelorgrad i biologi, klima og miljø frå same universitet. I tillegg har han eit årsstudium som naturguide og fuglekjennskap. I Tromsø arbeidde han som kajakk- og naturguide i 100 prosent stilling.

Me ynskjer Morten og Gaute velkommen som nye medarbeidarar

## AVLØYSING VED Sjukdom OG FØDSEL

### – AUKA DAGSATS FRÅ 2024

Maksimal dagsats for tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel aukar frå 2100 til 2450 kroner pr. dag frå 1. januar 2024. Dagsatsen har auka mykje dei to siste åra, og dermed er det fleire som kan få nytte av ordninga også etter dag 16 i sjukeperioden, og dagsats for sjukepengar frå NAV blir trekte frå.

– **NYTT I REGELVERKET – heime med sjukt barn.**

Har du sjukt barn heime som treng pass, kan du nytte ordninga dersom du har dokumentasjon frå til dømes skule eller barnehage som viser at barnet har vore heime på grunn av sjukdom. Ta kontakt med Sissel Lilleland dersom du har spørsmål.



Foto: Anne Karin Langeland

## REGIONALT MILJØTILSKOT 2023 – Søknad kan leverast frå 15. september

**Søknadsfrist 15. oktober.** Etter innsendt søknad (innan fristen 15. oktober), kan du gå inn og endre fram til 29. oktober utan å få trekk i tilskotet. **NB! Dette er nytt i regelverket, og gir dermed same praksis som ved søknad om produksjonstilskot. Sjå link for meir informasjon:**

<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-rogaland/dokument-fmro/landbruk/rmp/2023/lysark-rmp-2023--rettledning-til-soknad.pdf>

## PRODUKSJONSTILSKOT DEL 2 - HUGS SØKNADSRISTEN

Teljedatoen er 1. oktober, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Etter innsendt søknad (innan

fristen 15. oktober) kan du gå inn og endre fram til 29. oktober utan å få trekk i tilskotet. Ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

### **PLASTINNSAMLING HAUSTEN 2023**

Gjeld kun rundballeplast og storsekk. Levering til dei faste plassane må skje tett opp til annonsert dato (annonse i Grannar og på heimesida til Gangstø Transport AS). Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

### **PLOSSERING AV RUNDBALLAR**

Erfaringar etter flaumen «Hans», viser at det kan vere lurt å «vere føre var» ved val av plassering av rundballar. Slik været har utvikla seg, er faren større for at elvar og bekkjer fløymer over på nye og uventa stader, og dreg med seg rundballar. Lurt å ha dette i tankane og kanskje endre plassering dersom du er usikker.

### **HUSDYRREGISTERET – har du hugsa å oppdatere?**

For deg som søker tilskot til storfè, er det viktig at Husdyrregisteret er oppdatert. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal dyr i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekyr / ammekyr har kalva dei siste 15 månader før teljedato, og dette er eit vilkår for å få produksjonstilskot.

### **INNMARCSBEITE SOM SPREIEAREAL**

Det er i utgangspunktet ikkje høve til å gjødsle innmarksbeite med husdyrgjødsel eller annan organisk gjødsel. Kommunen vurderer behovet for gjødsling opp mot omsyn til biologisk mangfald, vassmiljø og samfunnssikkerheit. Føringane er at areal under kraftliner ikkje skal godkjennast.

Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsel på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen. Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38 for å avtale synfaring våren 2024 og send inn skjema som du finn på kommunen si heimeside: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjodsel-og-spreieareal/>.

### **Nye kraftliner på innmarksbeite som allereie er godkjent som spreieareal.**

Dersom det blir etablert kraftliner på innmarksbeite som allereie er godkjend som spreieareal, får det konsekvens også for tidlegare godkjenningar. Vedtaket om

godkjenning av spreieareal i innmarksbeite blir utdatert når dei faktiske tilhøva vedtaket er bygd på er vesentleg endra. Nye kraftliner er ei vesentleg endring. Det betyr at tidlegare vedtak automatisk vert ugyldig og at beita ikkje kan nyttast som spreieareal for husdyrgjødsel før ny vurdering er gjort, og eventuelt ny godkjenning er gitt.

Ved behov for ny vurdering av spreieareal i innmarksbeite, ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38, for å avtale synfaring våren 2024.



Foto: Anne Karin Langeland

### **FRIVILLIGE TILTAK I LANDBRUKET - SJØAUREPROSJEKTET**

I 2019 blei mange av elvene og bekkane i kommunen kartlagt for å sjå korleis tilhøva er for sjøauren.

Tilhøva er stort sett ganske gode, men det er alltid rom for forbetring, og kartlegginga foreslo ei rekke tiltak for å få tilhøva litt betre. Nokre tiltak har blitt utført tidlegare år, blant anna i Vats, Ølen og Ølensvåg. I år står Eidselva, Vikebekken og Plasselva, samt eit par bekker i Ølensvåg for tur.

Grunneigarar som det gjeld har blitt kontakta, og det nærmar seg no gjennomføring av tiltaka.

I grove trekk består tiltaka av utlegging av gytegrus, utlegging av stein og tiltak for å få meir vegetasjon langs bekkene og elvene. Sjøauren treng grus for å formere seg, likar godt stein å gøyme seg under og trivst best der det er vegetasjon og skuggje langs bekker og elver. Stein skapar også gode straumtilhøve som både yngel og stor fisk likar seg i, og kan vere med på å forhindre finstoff i å hope seg opp.

Sjøaureprosjektet og Frivillige tiltak i landbruket må berømme grunneigarar for velvilje og positivitet, og vil bemerke at Vindafjord-bøndene utmerker seg i å vere lette å samarbeide med. Ingenting av det me gjer for fisk/miljø hadde vore mogleg utan samarbeid og interesse frå grunneigarar og bønder.

Ta dykk gjerne ein tur ut og lys etter fisk i bekkane i haustmørkret. Det er i september-januar ein ser mest aktivitet i vassdraga. Dette kan vere spennande både for vaksne og born, og ein kan bli overraska over kor mykje det er å sjå. Hugs at det ikkje er lov å fiske i bekkane, sjølv om det kan vere fristande.

Dei aktuelle grunneigarane har allereie blitt kontakta, men om ein har spørsmål til prosjektet eller har ønskjer om å utføre fiske- og/eller miljøforbetrande tiltak på sin eigen eigedom, ta gjerne kontakt med Sjøaureprosjektet v/ Sven-Kato Ege tlf 476 75 739 eller Frivillige tiltak i landbruket v/Anders Eidhammer tlf 907 91 575.

  
Frivillige tiltak i landbruket -  
Haugalandet



Foto: Frivillige tiltak i landbruket

Bilete frå tidlegare steinutlegg i Os-elva i Ølen. Tiltaket har vist seg positivt for fisken i elva, og har ikkje skapt meir flaum eller oppstuving av vatn.

### **MINIMUM 2 METER BREI KANTSONE MOT VASSDRAG**

Hugs å setje av ei minimum 2 meter brei kantsone mot vassdrag der det er dyrka jord. Kantsona skal ikkje pløyast, spreia eller sprøytast, og dette eit vilkår for produksjonstilskot.

### **FYSISKE TILTAK I VASSDRAG**

Dersom du ynsker å gjennomføre fysiske tiltak i vassdrag, krevs det som hovudregel løyve. I vassdrag kor det førekjem laksefisk, er det Statsforvaltaren som er rette mynde til å handsame søknad om løyve. Fylkeskommunen er myndighet for strekningar med innlandsfisk.

Dersom det er nødvendig å fjerne kantvegetasjon langs vassdrag med årssikker vassføring, er hovudregelen at dette krev dispensasjon frå vassressurslova § 11.

Som vassdrag reknast alt stillestående eller rennande overflatevatn, med årssikker vassføring, med botn og bredder inntil høgaste vanleg flomvasstand. Sjølv om eit vassdrag på enkelte strekningar renn under jorda, vert det i sin heilskap rekna som vassdrag. Som vassdrag reknast også vassløp utan årssikker vassføring, dersom det skil seg tydeleg ut frå omgivelsane.

Det er i all hovudsak to lover som regulerer fysiske inngrep i vassdrag. Dette er vassressurslova og lakse- og innlandsfiskelova. Vassressurslova er den generelle lova om vassdrag og grunnvatn. Den som skal iverksette tiltak som påverker vassdrag eller grunnvatn, må forhalde seg til lovas føringar. Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) er mynde etter vassressurslova § 8, og skal vurdere om vassdragstiltak er konsesjonspliktige.

Lakse- og innlandsfiskeloven med tilhøyrande forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, skal sikre at fiskens frie vandringsveggar og gyte-, oppvekst- og leveområde ikkje vert forringa. Meir om dette i bladet. Det kan imidlertid gis løyve til inngrep i vassdrag ved søknad.

### **MYR**

Myr er ein svært utsett arealtype i Norge. Av alt areal som er sett av til utbygging i norske kommunar, t.d. fritidsbustader, er 10 % myr areal, eit areal tilsvarande 20.000 fotballbanar. Det er framleis dårleg vern av myrområde i Norge, og i mange miljø er myr framleis å rekne som eit areal med låg verdi, då myrområde tradisjonelt sett har blitt sett på som «vassjuke» eller unyttige areal.



Myr er ein viktig arealtype, då myr er eit stort karbonlager som reinskar og filtrerer vatn, dempar flaum og motverkar uttørking av kringliggande planter. Myra er også ein levestad for eit stort naturmangfald av planter, insekt, dyr og fuglar, og har ein svært viktig funksjon for fleire organismar gjennom matsøk, spillplassar, rasteplassar og så vidare. Det er viktig å ta vare på slike områder som kan magasinere mykje vatn, slik det regner i disse dagar.

### **MOTTAK AV REINE MASSAR**

Det er ei viss interesse for mottak av reine jordmassar frå ymse vegprosjekt i kommunen. Der området ikkje er regulert, må ein søka om mottak av masser i høve jordforbetringstiltak som overflate- eller fulldyrking eller om massane skal supplere allereie dyrka mark.

Der bonden skal strø nokre billass med jordmassar (30-40 cm) på jordet for å jamne ut, inntil eit dekar (1000 m<sup>2</sup>), kan slike småvolum fint gå an, utan søknad. Skal toppsjiktet gravast i før påføring, må me sende inn tiltaket (som nydyrkingstiltak) til høyring hjå fylkeskommunen (kulturminnelova).

Om massar over 1000-3000 m<sup>3</sup> skal spreiest på jordbruksareal, vil me fyrst sjå på arrondering av arealet, og spesielt på nærleik til vatn, vassdrag. Det blir i så fall ein enkel søknad etter nydyrkingsforskrifta.

For tiltak over 3000 m<sup>3</sup> vil me som regel måtte sende inn saka til Statsforvaltaren og fylkeskommunen og handtere tiltaket etter plan- og bygningslova. Ved søknad er det alltid eit pluss å leggja ved kart og gjerne bilete. Ikkje start opp med arbeidet før du har mottatt svar på søknaden.

For alle tiltak, små eller større, er det viktig at forureining av vassdraga ikkje oppstår. Kommunen skal og sjå til at flytting av jordmassar ikkje resulterer i spreining av svartelista ugrasartar, slik som parkslirekne, kjempespringfrø, fagerfredløs, hagelupin, rynkerose og platanlønn. Desse artane kan danne tette bestandar og hemme stadeign vegetasjon. Ugrasartane kan utgjere ein trussel mot artsmangfaldet i området.

I tillegg er landøyda eit stadig aukande problemugras som spreier seg fort.

Er du i tvil om saker og ting, ta kontakt med oss i kommunen, så finn me ut av det.



Foto: Anne Karin Langeland

### **INNOVASJON NORGE**

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket vart endra 01.07.2023. Ei viktig endring er storleiken på maksimalt tilskot til investering i gjødsellager med fast dekke – ei auke frå 200 000 kroner til 250 000 kroner. Det kan gjevast tilskot for inntil 25 prosent av godkjent kostnadsoverslag.

Det er framleis fokus på ombygging til lausdrift for mjølkebruk inntil 30 mjølkekyr.

Andre hovudprioriteringar er:

- Frukt, grønt og veksthus
- Dyrevelferd, miljø, distrikt, unge bønder
- Landbruksbaserte næringar/tilleggsnæringar



### **Landbrukets klimakalkulator og Klimarådgiving** **Kva er klimakalkulator?**

Klimakalkulatoren er eit digitalt verktøy som er spesielt utvikla for landbruksnæringa og den norske gardbrukaren. Den gir ei god oversikt over klimagassutslepp. Ut i frå dette kan gardbrukaren kartlegge moglegheiter for

karbonbinding og reduksjon av utslepp på eigen gard.

Målet er at dei fleste gardbrukarane tar i bruk kalkulatoren. Det er bra for klimaet, og kan betre økonomien på garden.

Les meir om klimakalkulatoren og innlogging på klimasmartlandbruk si heimeside

<https://klimasmartlandbruk.no/klimakalkulatoren/>

### **Klimarådgiving**

Med utgangspunkt i Klimakalkulatoren kan gardbrukar, i samarbeid med rådgjevarar i TINE og Norsk Landbruksrådgjeving, kartleggja kva moglegheiter som finst for å redusera utslepp, og planleggja drifta og bruk av garden sine ressursar på ein god måte.

Klimatilpassing handlar om å kunne møte endringar i klima i gardsdrifta. Det er venta større svingingar i både temperatur og nedbør, og fleire episodar med store nedbørsmengder på kort tid. Handtering av overflatevatn, behov for drenering, avbøtande tiltak som sedimentasjonsdammar, fangdammar, naturbaserte reinseløysningar, vatningsanlegg ved tørke o.l. er aktuelle element i rådgivinga.

Klimarådgiving skal innehalde to tema:

1. Gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på driftseininga med sikte på å gjennomføre tiltak
2. Vurdering av behov for klimatilpassing

Klimarådgivinga skal lede ut i ein tiltaksplan tilpassa den einskilde driftseininga.

Landbruksføretaka kan i etterkant av utført rådgiving, søkje om tilskot til

Klimarådgiving på gardsbruket gjennom søknad i Regionalt miljøprogram. Saman med søknaden skal det leggjast ved kopi av tiltaksplanen.

### **SMIL-MIDLAR OG DRENERINGSTILSKOT.**

SMIL- strategiplanen (2019-2022) er blitt forlenga ut 2023. Revidert strategiplan skal utarbeidast innan 31.12.2023.

Midlane for 2023 er fordelt til kommunane etter tidlegare års aktivitet, og dette året har Vindafjord fått tildelt 800 000 kroner til drenering og 500 000 kroner til SMIL

ordninga. Det står att om lag 408.000 kroner til drenering, og ca. 287.000 kroner til SMIL tiltak. Søk, om du har tiltak som kjem inn under ordninga!



Foto: Per-Steinar Eiane

### **«PIGGFRIE GARDSBRUK»**

Fjerning av gamal piggråd er eit satsingsområde også i 2023. Kanskje blir det vidareført i 2024.

Grunnlaget for prosjektet er dyrevelferdslova frå 01.01.2010.

Det er opna for å gi støtte gjennom SMIL-Ordninga til fjerning av gamal piggråd.

Dette gjeld der ein vil bytte ut gamal piggråd med piggfri gjerdegråd, men også der ein ynskjer å fjerne gamle piggrådgjerde som ikkje er i bruk.

Aktiviteten her har vore god og stadig fleire ser nytta av å bli kvitt piggråden.

Det skal nyttast vanleg SMIL-søknad gjennom Altinn også for denne ordninga.

Her er det viktig å kartfeste dei aktuelle områda som skal fjernast/endrast. Det kan godt vera med bilete som dokumenterer behovet. I tillegg må det leggjast fram eit kostnadsoverslag for arbeidet. Som kommune har vi fått nokre retningslinjer for kva kostnader vi kan godta, men her må vi vurdere kvar enkelt søknad.

Det skal som alltid søkjast før arbeidet startar for å kunne få støtte.

### **TILSKOT TIL SKOGKULTUR – SØKNADSFRISTER**

Kommunen har til nå mottatt få søknadar om tilskot til skogkultur. Dersom du også ønsker å søke på staten sitt særskilte «klimatilskot» til skogplanting og supplerings (Tettare skogplanting som



klimatiltak), må kommunen ha mottatt søknaden din innan **25. november**. Send derfor søknaden om tilskot til skogkultur så snart du har mottatt fakturaen, ev. etterspør fakturaen om tida begynner å bli knapp. Meir om tilskotet finn du her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk/ordninger-for-skogbruk/tilskudd-til-tettere-skogplanting-som-klimatiltak> Du kan og kontakte kommunen. Faktura og kart skal følgje søknaden.

Søknad om tilskot til andre skogkulturtiltak, som t.d. ungskogpleie, bør heller ikkje leverast kommunen seinare enn 25.11., om vi skal klare å registrere/handsame søknadane før fristen 30.11.23.

### **NYE TILSKOTSSATSAR FOR PLANTING**

Kommunen har vedtatt ny tiltaksstrategi for tilskota til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for 2023-2026. Tilskotet til planting med gran der det før har stått furu, lerk eller lauv er auka frå 50% til 60%. Kommunen har og innført eit nytt tilskot til planting med gran på areal som ber preg av skogreising/påskoging. Dette tilskotet skal førehandsgodkjennast av kommunen. Då det vil vere lite eller ikkje virke for sal på slikt areal, og det dermed vert svært lite for skogeigar å sette av til skogfond på førehand, er tilskotet sett til 70%.

Tiltaksstrategien inneheld i tillegg ein aktivitetsoversikt dei siste 10 åra og vurdering av framtidig behov for tiltak i skogbruket i Vindafjord. Tiltaksstrategien ligg på kommunen si heimeside under fanen for skogbruk.

### **PLANTING 2024**

Dersom du planlegg planting i 2024, kan det vere lurt å tenke på plantebestilling alt nå – viss ikkje du alt har gjort avtale. Her i området er proveniensar frå Hartz mykje brukt.

Om du ønskjer å plante framande treslag, må du sende søknad til Statsforvaltaren. Dette gjeld og for juletre. Sakshandsamingstida har vore fleire månadar, så det er lurt å sende søknaden i god tid før plantesesongen begynner.

### **FERDIG BYGDE LANDBRUKSVEGAR**

Hugs å melde frå til kommunen når landbruksvegen du fekk byggeløyve på er ferdig bygd.



Foto: Anne Karin Langeland

### **KVOTEFRI AVSKYTING AV HJORTEKALV**

Kommunen har tildelt løyve til kvotefri avskyting av hjortekalv under jakta hausten 2023 til alle hjortevald i kommunen. Meir informasjon finn de her: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jakt-og-viltforvaltning/hjortevilt/kvotefri-jakt-pa-hjortekalv-hausten-2023/>

### **JAKT PÅ HJORT OG RÅDYR**

Jakta på hjort og rådyr er i gong. Jakttida for hjort er frå 01.09. t.o.m. 23.12. For rådyr vart det opna for bukkejakt frå 10.08., mens den generelle jakttida for rådyr er 25.09.-23.12.

Kommunen har i år tildelt 1233 løyve for hjort, av dette 751 med bestandsplan og 482 utan bestandsplan. Tildelinga av kvotefri avskyting av hjortekalvar kjem i tillegg til ordinær kvote.

Det er og tildelt 207 løyve på rådyr. I tillegg har 6 vald kvotefri jakt.

### **Fristen for levering av fellingsrapportane er 02. januar 2024.**

Valdleiar har ansvar for innsending av fellingsrapport. Alle felte dyr, også kalvar felt kvotefritt, skal med i fellingsrapporten. Rapporten kan registrerast elektronisk i Hjorteviltregisteret eller sendast kommunen.

## RAPPORTERING AV SKOTNE RÅDYR

Frå og med dette jaktåret skal jegerar ikkje lenger rapportere skotne rådyr i jakt- og fangstrapporten til Statistisk Sentralbyrå. Skotne rådyr skal framover berre rapporterast via Hjorteviltregisteret.

Jeger registrerer felte rådyr i Sett og Skutt-appen. Valdleiar loggar seg inn i Hjorteviltregisteret, kontrollerer og godkjenner registreringane og melder jakta som ferdig/sender rapport. Fellingsrapporten kjem då automatisk inn på oversikten for Vindafjord. Når de rapporterer på denne måten, treng de ikkje å sende rapport skriftleg til kommunen i tillegg. Ta kontakt med kommunen om de treng hjelp.

## SETT HJORT OG SLAKTEVEKTER

Resultata frå Sett Hjort- registreringane kan gi eit bilete på samansettinga av bestanden og trendar i utviklinga av stammen. Informasjonen som kan trekkast ut av Sett Hjort og vårteljinga er viktig som grunnlag for framtidige forvaltningsplanar. Stadig fleire registrerer Sett hjort-data digitalt på appen Sett og skutt. Denne løysinga er tilpassa både pc, nettbrett og smarttelefon. Her kan og slaktevekteleggast inn. Dataa må godkjennast i hjorteviltregisteret før dei vert tilgjengelege i statistikken. Dei fleste valdleiarane har fått tilgang for godkjenning av registrerte data i hjorteviltregisteret og elektronisk levering av fellingsrapport. Meir informasjon om ordninga finn de her: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jakt-og-viltforvaltning/hjortevilt/sett-hjort/>. Sett hjort- data og slaktevektefrå 2006-2022 er tilgjengelege i [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no) under Statistikk. (For 2022 er papirskjemaa ikkje lagt inn ennå).

Slaktevektene gir informasjon om utviklinga av storleiken på dyra. Jo større del av dei felte dyra ein har data for, jo sikrere vert resultata. Det er viktig at det vert nytta vekt, ikkje rusing. Det er framleis mogleg å nytte papirskjema. Slaktevektedata må då førast på tilleggsskjema. Skjemaa sendast *Vindafjord kommune, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid*, eller på e-post til:

[gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no](mailto:gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no), så snart som råd etter jakta.

Takk til alle som har levert inn Sett hjort-data til no!

## Skrantesjuka (CWD) – 2023

Vindafjord kommune er ikkje trekt ut til å ta CWD-prøvar på hjort under jakta 2023. Det vil ikkje bli tatt skrantesjuka-prøver ved viltbehandlingsanlegg i 2023.

Meir

informasjon: <https://www.hjortevilt.no/skrantesjuka/kartleggingsprogrammet-for-skrantesjuka/>



Foto: Anne Karin Langeland

## Aktuelle facebook-sider:

**Vindafjord kommune** - Diverse informasjon frå Vindafjord kommune

**NIBIO Gårdskart og Kilden** - For dei som ynskjer tips om funksjonalitet og innhald, og ønsker å følge med på kva som er nytt i Gårdskart.

**Økologisk Rogaland** – Gode historier om dyktige økologiske matprodusentar og tips om kurs og konferansar. Sida blir oppdatert av Økologisk Rogaland, Økologisk Norge sitt fylkeslag i Rogaland.








## **Statsforvaltaren og bonden i Rogaland**

– Informasjon retta mot bøndene i Rogaland om tilskotsordningar, bruk av areal, næringsutvikling og anna nyttig informasjon.


## Nyttig informasjon finn du også på heimesida til kommunen:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/>

# Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovudoppgåver
	<p><b>Thomas Vestbø</b> Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no</p> <p>Einingsleiar</p>
	<p><b>Morten Rørheim</b> Tlf. / e-post: Viser til kommunen sine heimesider i oktober.</p> <p>Innovasjon Norge</p>
	<p><b>Gaute Widerøe Hennig</b> Tlf. / e-post: Viser til kommunen sine heimesider i oktober</p> <p>SMIL/drenering/miljø</p>
	<p><b>Sissel Lilleland</b> Tlf. 53 65 61 30 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no</p> <p>Produksjonstilskot</p>
	<p><b>Alf Ole Bull-Tornøe</b> Tlf. 53 65 61 22 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no</p> <p>Konsesjon/deling/nydyrking</p>
	<p><b>Anne Karin Langeland</b> Tlf. 53 65 61 38 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no</p> <p>Oppdatering av gardskart</p>
	<p><b>Gitte P. Halvorsen</b> Tlf. 53 65 61 29 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no</p> <p>Skog og viltforvaltning</p>

**Utgjevar: Landbrukskontoret**  
**Redaktør: Sissel Lilleland**  
**Kommunen si heimeside:**  
[www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)  
**Tlf. 53 65 65 65**



**VINDAFJORD KOMMUNE**  
**Eining Areal- og forvaltning**  
**Østbøvegen 2**  
**5585 SANDEID**